



Vang kommune

Landbruk/teknisk etat

Taktil Arkitekter
v/Marius Waagaard

Dykkar ref.:

Vår ref.:

LAJMAG -19/489 -2

Arkiv:

Vår dato:

04.07.2019

Referat oppstartsmøte 24.05.19

Stad: Vang kommunehus

Tid: 24. mai 2019

Tilstade: Marius Waagaard, Torbjørn Tryti, Jan Egil Jægersborg, Eirik Høyeme Rogn og Magnus Lajord

Tiltakshavar sendte over utkast til planprogram i forkant av oppstartsmøtet. Dette danna grunnlaget for diskusjonen i møtet og ligg vedlagt referatet.

Føremålet med planen er å leggje til rette for utvikling og sal av åtte nøkkelferdige bustadhus på Klukkarberget, gnr/bnr 42/1.

Tilhøve og avklaringar knytt til kommuneplan og overordna føringar:

- **Jordlova**
Tilkomstveg er tenkt ovanfrå Klukkargardsvegen og det må kanskje omdisponerast inntil 400 m² dyrka mark til dette føremålet. Det må etterstrevast å omdisponere så lite dyrka mark som mogleg i planen, men kommunen meiner samfunnsnytta ved tiltaket er stor og at dette må vektleggast. Det må ikkje søkjast om dispensasjon frå jordlova, men tilhøve til jordlova må vurderast i planomtala.
- **Utbyggingsavtale**
Kommunen kan ikkje sjå at det er naudsynt med utbyggingsavtale. Det er einast dersom det blir bygd ut privat VA-anlegg som skal koplast til det kommunale anlegget.
- **Dimensjonering av tilkomstveg, bru, mv.**
Redusert byggegrense(mindre enn det som er retningsgivande i kommuneplan) mot tilkomstveg må grunnjevast i planomtala. Bra at det blir take omsyn til kulturminnet(gøta) ved planlegging av tilkomstveg. Viktig at tilkomstvegen og kan nyttast i jordbruks-samanheng dersom det er naudsynt. Det må planleggast inn snuplass til lastebil og areal til renovasjon og evt. brannhydrant. Varsel om oppstart av planarbeidet må sendast til Valdres Brannvesen IKS og Valdres kommunale renovasjon for innspel på desse punkta.

- Byggegrense mot vassdrag må vurderast og grunnjektivast i ROS-analyse og planomtale.
- Leike- og opphaldsareal
Det må avklarast i planarbeidet kven som skal ha ansvaret for vedlikehald og tryggleik av leikeareal/installasjonar.
- Vatn- og avlaupsløysing
Før evt. sluttbehandling av reguleringsplanen skal det føreligge godkjent plan for VA-løysing. Det skal m.a. dokumenterast tilstrekkeleg hygienisk og nok drikkevatt. Behovet for brannhydrant må avklarast. Dersom det blir eit privat VA-anlegg må dette lagast til slik at det kan koplast til det kommunale VA-anlegget ved seinare høve. Dersom eit privat anlegg ikkje blir bra nok og kan godkjennast av kommunen, må det vurderast ei kommunal løysing. Tiltakshavar kan alt. søkje kommunen om stønad til utbygging av eit privat initiativ til kommunalt VA-anlegg, med utbyggingsavtale med overtaking av anlegget ved ferdigstilling. Dette må sjåast i samheng med rammeplan for VA i Vang sentrum som blir utarbeidd hausten 2019.
- Omsynet til kulturminner- og miljø
Kommunen er positiv til at dette på eit tidleg tidspunkt er avklara me fylkeskommunen, og at tiltakshavar ynskjer å sikre den gamle gøta som går gjennom planområdet.
- Parkering
Ein treng ikkje søkje dispensasjon frå kravet om talet parkeringsplassar pr. bueining, men det må grunnjektivast i planomtala dersom ein ikkje skal fylgje føresegn i kommuneplan.
- Utforming
Kommunen er positiv til tenkt utforming. Denne bør visualiserast i planen. Det bør vidare i planarbeid og takast stilling til m.a. takteking(solcelle) og om heile eller deler av planområdet skal gjerdast inn.
- Diverse
Tiltakshavar er gjort kjent med gebyrregulativet for behandling av reguleringsplanar. Kommunen sender over nasjonal mal for utforming av føresegn og liste for nabovarsel. VA-løysing og omdisponering av dyrka mark må konsekvensutgreiast.

Konklusjon:

Vang kommune er positive til utvikling av planområdet og ser dette som eit viktig tilskot av bueiningar i Vang sentrum. Kommunen har elles ingen større merknader utover kommentarane ovanfor.

Med helsing

Magnus Lajord
Arealplanleggjar
Dir. tf.: 61369484
E-post: Magnus.lajord@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:

Jan Egil Jægersborg